

Kvalitet på nett 2009

Innhold

Kvalitetsvurdering av offentlege nettstader	3
Kriteriesett for Kvalitet 2009	6
Resultat for kommunale nettstader	17
Resultat for statlege nettstader	28
Årets offentlege nettstader	34

Kvalitetsvurdering av offentlege nettstader

Noreg.no, no Direktoratet for forvaltning og IKT, har sidan 2004 gjennomført årlege kvalitetsvurderingar av offentlege nettstader. Om lag 700 statlege og kommunale nettstader vert vurdert ut frå krav til brukartilpassing, tilgjengelegheit og nytting innhald.

Bakgrunn

Den årlege kvalitetsvurderinga er eit viktig verkemiddel i arbeidet med å auke kvalitet og tilgjengelegheit på offentlege nettstader. Vurderinga måler status og set fokus på problemstillingar og områder som offentlege forvaltningsorgan og nettstader har eit særansvar for å følgje opp. Vurderinga er forankra i mål og strategiar for Informasjonsteknologi og kommunikasjonspolitikk.

Årets kvalitetsvurdering

I 2009 er 684 offentlege nettstader vurdert etter eit indikatorsett med 33 indikatorar. Totalt er det vurdert 22 572 indikatorar på 236 statlege og 448 kommunale og fylkeskommunale nettstader. Arbeidet vart gjort manuelt, i perioden 14.09 til 06.11, med ekspertvurderingar frå Vestlandsforskning, Aletheia kommunikasjon og Difi. Etter gjennomgangen fekk kvar einskild nettstad mogelegheit til å kommentera den mellombelse vurderinga. Dette fungerte som ein ekstra kvalitetssikring. Det mellombelse resultatet vart sendt ut 10.11, med svarfrist 16.11. Totalt mottok vi tilbakemeldingar frå 238 nettstader.

Offentleggjing og presentasjon av resultat

Resultatet av kvalitetsvurderinga vert offentleggjort på konferansen Kvalitet på nett. Alle resultat vert også presentert på nettstaden Noreg.no, der kvar einskild nettstad får tildelt stjerner etter totalt oppnådd poengsum på områda tilgjengelegheit, brukartilpassing og innhald.

Om kriteriesettet

Kriteriesettet som ligg til grunn for kvalitetsvurderinga består av til saman 33 ulike kriterium fordelt på områda tilgjengelegheit, brukartilpassing og nyttig innhald. Årets kriteriesett inneheld ingen nye kriterium, men er revidert frå 2008. Mellom anna er tilgjengelegheitsdelen no i tråd med W3C sine WCAG 2.0-retningslinjer. I tillegg har kriteriesettet vore ute på høyring, og ei rekke forbetringar vart gjort basert på dei 162 innspela som kom inn. Komplette oversikt over endringar finn du på <http://kvalitet.difi.no>.

Fordeling av stjerner basert på poeng

Resultatet for kvar nettstad vert presentert med stjerner. Ein kan oppnå 1 til 6 stjerner, basert på totalsummen som nettstaden har oppnådd i forhold til maksimal poengsum. Terskelverdiane mellom dei ulike stjernene er basert på ein normalfordeling for 1 til 5 stjerner, med 6 stjerner som eit ekstra nivå.

Tabellen under viser verdiane for dei ulike stjernene.

Stjerner	Resultat i % av maksimal poengsum
★★★★★★	80% eller betre
★★★★★	70 - 79%
★★★★	58 - 69%
★★★	43 - 57%
★★	31 - 42%
★	30% eller dårlegare

Resultat fra årets vurdering

Resultatet fra årets vurdering viser at kvaliteten på offentlige nettstader generelt har auka samanlikna med målinga frå 2008.

I alt 195 nettstader oppnår i år 5 eller 6 stjerner, mot 99 i 2008. Det er framleis store variasjonar i resultatet, blant anna mellom dei statlege og dei kommunale nettstadane.

Kommunane legg godt til rette for innsyn for innbyggjarane ved å tilby postjournal på nett. Heile 89% av dei kommunale nettstadane har elektronisk journal. I statleg sektor er det i underkant av halvparten som tilbyr denne tenesta. Talet for statleg sektor tek ikkje omsyn til at mange etatar deltek i pilotprosjektet felles elektronisk postjournal (EPJ), sidan denne tenesta ikkje er open for innbyggjarane. Allereie i 2010 vil innbyggjarane få betre tilgang til statlege postjournalar, når den opne tenesta Offentleg elektronisk postjournal (OEP) vert lansert. OEP skal tilby ein felles tilgang til postjournalane frå departement, direktorat, tilsyn og fylkesmannsembeta. Eit anna viktig område for innbyggjarane er kontaktinformasjon til dei offentlege verksemdene. Her utmerkar statleg sektor seg ved at 80% tilbyr kontaktinformasjon på andre språk. Tilsvarende tal frå kommunal sektor er 37%, og berre 13% av kommunane har informasjon om kjerneoppgåvene på andre språk.

Tabellen til høgre viser korleis nettstadane fordeler seg på tal stjerner.

Stjerner

Stjerner	Nettstader
★★★★★★	45
★★★★★	150
★★★★	249
★★★	202
★★	36
★	2

Tilgjengelegheit

Etatsnamn	% av maks poeng
Sørum kommune	100 %
Tromsø kommune	100 %
Steinkjer kommune	100 %
Konkurransetilsynet	100 %
10 av 18 fylkesmannsembete	100 %

Brukartilpassing

Etatsnamn	% av maks poeng
Porsgrunn kommune	97 %
Direktoratet for forvaltning og IKT	97 %
Utenriksdepartementet	97 %

Nyttig innhald

Etatsnamn	% av maks poeng
Porsgrunn kommune	94 %
Akershus fylkeskommune	90 %
Sørum kommune	90 %
Trondheim kommune	90 %

Gjennomsnitt frå alle nettstadane

Tabellen under viser kor mange prosent av maksimal poengsum nettstadane har fått i gjennomsnitt. Kommunale nettstader har hatt størst framgang på området tilgjengelegheit, medan dei statlege nettstadane har forbetra seg på området nyttig innhald.


Bruk tabellen til å samanlikna resultatet frå din nettstad med gjennomsnittet for alle nettstadane.

Område	Gjennomsnitt alle nettstader	Gjennomsnitt kommunale nettstader	Gjennomsnitt statlege nettstader
Tilgjengelegheit	64 %	64 %	63 %
Brukartilpassing	68 %	67 %	70 %
Nytting innhald	54 %	54 %	53 %
Total	62 %	62 %	63 %

Resultat samanlikna med 2008

Årets resultat viser at det er ein klar framgang samanlikna med 2008. Det er mange nettstader som har forbetra resultatet sitt i løpet av 2009, og i alt er det 45 nettstader som får 6 stjerner. Medan det i fjor var om lag 47% som fekk 4-6 stjerner, er talet i år 65% av alle nettstadane.

Figuren under viser korleis nettstadane fordeler seg på tal stjerner.



Kriteriesett for Kvalitet 2009

1. Tilgjengelegheit

Offentlege nettstader skal vere tilgjengelege for alle.

1.1 – Nettstaden bruker alternativ biletetekst

Alle bilete skal ha alternativ tekst slik at informasjonen som ligg i bileta, blir tilgjengelege for blinde og svaksynte, men også for dei som brukar program som ikkje støttar vising av bilete. Teksten skal vere likeverdig med innhaldet til biletet. Bilete som ikkje har noko med innhaldet å gjere eller som berre blir brukte som grafikk på nettstaden, skal ha tom alternativ tekst (alt=""). Dersom ein droppar alternativ tekst heilt (altså fjernar heile alt=""), risikerer ein at ein lite beskrivande alternativ tekst blir generert automatisk av mediet, til dømes basert på filplasseringa eller filnamnet til biletet. Referanse: WAI WCAG 2.0 – 1.1.1 Døme: Høgskolen i Bergen

Alternativ

Forklaring	Poeng
Ja – Alle bileta har tilfredsstillande alternativ tekst.	3
Delvis – Over halvparten av bileta har tilfredsstillande alternativ tekst.	1
Nei – Under halvparten av bileta har tilfredsstillande alternativ tekst.	0

1.2 – Lenkjer skil seg ut frå vanleg tekst

Det skal vere enkelt å forstå kva som er lenkjer på nettstaden, og lenkjene skal difor skilje seg ut frå vanleg tekst på ein tilfredsstillande og konsekvent måte, til dømes med understreking eller utheving. Berre fargeforskjell mellom tekst og lenkjer blir ikkje regna som tilfredsstillande, mellom anna fordi personar med nedsett syn eller avgrensa fargesyn vil ha problem med å oppfatte dette. Konsekvent vil seie at lenkjer i vanleg tekst blir markerte på same måte på heile nettstaden.

Berre tekst som er lenkjer, skal understrekast. Understreking av vanleg tekst kan skape forvirring rundt kva som er lenkjer og ikkje. Referanse: WAI WCAG 2.0 – 1.4.1 Døme: Trondheim kommune

Alternativ

Forklaring	Poeng
Ja – Alle lenkjer er tilfredsstillande og konsekvent markerte.	3
Delvis – Over halvparten av lenkjene er tilfredsstillande og konsekvent markerte.	1
Nei – Under halvparten av lenkjene er tilfredsstillande og konsekvent markerte.	0

1.3 – Skriftstorleiken kan endrast

Brukaren bør kunne endre storleiken på skrifta på nettsidene etter eige ønske. Dette er viktig for brukarar med ein mildare grad av nedsett syn (for eksempel middelaldrande/eldre), som ikkje nyttar seg av datatekniske hjelpemiddel for dette.

Helst skal slik skalering vere mogleg via eksplisitt funksjonalitet på nettstaden, fordi mange ikkje kjenner til funksjonaliteten som ligg i nettlesaren. Varierende støtte i nettlesarar for skalering av tekst sett i faste einingar aukar også behovet for eksplisitt funksjonalitet. Skaleringsfunksjonen skal vere lett tilgjengeleg og skaleringa skal gjelde på heile nettstaden, også når ein går vidare til ei anna underside.

Skriftstorleiken skal vere sett i relative einingar (til dømes em), ikkje faste (til dømes px). Døme: Regjeringa

Alternativ

Forklaring	Poeng
Nei – Skriftstorleiken er sett i ei fast eining.	0
Ja – Skriftstorleiken er sett i ei relativ eining.	1
Ja, eksplisitt – Skriftstorleiken kan endrast til minimum 20px vha eksplisitt funksjonalitet på nettsida og funksjonaliteten er gjort gjeldande for all tekst.	3

1.4 – Datatabellar er tilgjengelege

Informasjonen i datatabellar skal vere tilgjengeleg sjølv om han blir presentert på andre måtar enn den mest kjende todimensjonale visninga med rader og kolonner. Spesielt er dette nødvendig for brukarar med datatekniske hjelpemiddel som les nettsida lineært og dermed ikkje kan sjå kva tabellen presenterer eller kva celler som høyrer til kva rader og kolonner. Datatabellar skal difor innehalde rad- og kolonneoverskrifter, overskrift og/eller samandrag.

I nokre enkle tabellar vil overskrifta og samandraget vere like, og det er difor tilstrekkeleg at berre ein av delane blir definert utan at dette gjev utslag på poenggjevinga (indikatoren gjev maksimalt tre poeng). Dei ulike krava blir koda med <caption> for tabelloverskrift, <table summary> for tabellsamandrag, samt <th> for rad- og kolonnetitlar (<td> blir ikkje brukt til rad- og kolonnetitlar). Denne indikatoren gjeld berre datatabellar. I layouttabellar skal ingen av krava brukast. Meir informasjon om bruk av layouttabellar finst i indikator 1.9. Referanse: WAI WCAG 2.0 – 1.3.1 Døme: Porsgrunn kommune

Alternativ

Forklaring	Poeng (max 3)
TH – Rad- og kolonneoverskrifter er definerte.	2
Caption – Tabelloverskrift er definert.	1
Table summary – Tabellsamandrag er definert.	1

1.5 – Rammer blir brukte på ein måte som reduserar ulempene

Rammer kan i mange tilfeller minske tilgjengelegheita på nettstaden og bør i størst mogleg grad unngåast. For å sørge for at rammene er tilgjengelege, er det viktig at sentrale element er til stades. Title-attributtet skal definerast i samsvar med innhaldet (tittelen skal ikkje gjenspegle den fysiske plasseringa til ramma) slik at kvar ramme kan identifiserast basert på namnet. Avsendarinfo gjer det mogleg å identifisere avsendaren av innhaldet, medan ei lenkje til heilt rammesett gjer det mogleg å hente fram alle rammene på nytt. Ved bruk av iframe er det berre title-attributtet som er relevant her. Døme (nettstad utan rammer): Alta kommune

Alternativ

Forklaring	Poeng (max 3)
Ingen rammer – Rammer blir ikkje brukte på nettstaden.	3
A: title-attributt – Rammetitlar er definerte.	1
B: Avsendarinfo – Har info om avsendar.	1
C: Lenkje til rammesettet – Har lenkje som lastar heile rammesettet.	1
Har rammer, men utan A, B og C – Har rammer, men innfrir ingen av krava.	0

1.6 – Meny og søk fungerer utan ekstra utvidingar

Meny og søk er to av de viktigaste funksjonane på ein nettstad og skal vere tilgjengelege for alle. Enkelte brukarar, spesielt dei som nyttar seg av datatekniske hjelpemiddel, vil få problem med løysingar som er avhengige av ekstra utvidingar (til dømes javascript eller Flash) for å fungere.

Indikatoren set difor krav til at meny og søkjefunksjon ikkje skal vere avhengige av dette for å fungere. Anna funksjonalitet på nettstaden som er avhengig av javascript og/eller Flash blir ikkje omfatta av denne indikatoren. Kravet gjeld heile søkjefunksjonen, altså både søkjefelt og søkje knapp.

Referanse: WAI WCAG 1.0 – 6.3 Døme: Alta kommune

Alternativ

Forklaring	Poeng
Verken meny eller søkefunksjon fungerer tilfredsstillande med javascript/Flash avslege.	0
Meny – Meny fungerer tilfredsstillande med javascript/Flash avslege.	1
Søkefunksjon – Søkefunksjon fungerer tilfredsstillande med javascript/Flash avslege.	1

1.7 – Kontrasten på nettstaden er tilstrekkeleg

Tilstrekkeleg kontrast mellom tekst og bakgrunn er viktig for at personar med nedsett syn skal kunne lese innhaldet. Det finst ulike måtar å rekne ut kontrast på, algoritmen som blir brukt her måler kontrast i lysverdi. Farge spelar ingen nøkkelrolle i algoritmen, slik at kontrastverdien er gyldig også for personar med nedsett fargesyn. Dersom ein ikkje har tilfredsstillande kontrast på nettstaden, er eit alternativ å tilby ein høgkontrastversjon av innhaldet. Logoar, innhaldsbilete og liknande har ikkje krav til kontrast. Referanse: WAI WCAG 2.0 – 1.4.3 Døme: Høgskolen i Bergen

Alternativ

Forklaring	Poeng
Svak – Kontrastverdiar lågare enn 3:1.	0
God – Kontrastverdiar mellom 3:1 – 4,5:1.	1
Svært god – Kontrastverdiar høgare 4,5:1.	2

1.8 – Statisk innhald kan hoppast over

Når ei nettside blir lesen som ein sekvens (for eksempel tekst-til-tale-løysingar), har ikkje brukaren høve til å flytte blikket dit sjølv hovudinnhaldet byrjar og er difor nøydd til å lese gjennom statiske element (for eksempel hovudmeny og søkefunksjon) før han kjem til innhaldet. Lenkjer som hoppar over statiske element og fører direkte til relevante innhaldselement internt på sida, skal difor vere blant dei fem første lenkjene på sida. Indikatoren har berre krav om ei slik lenkje som skal føre til hovudinnhaldet, men fleire lenkjer kan leggjast til dersom dei er relevante. Lenkjenamnet skal vere beskrivande, og det er ikkje noko krav at lenkjene skal vere synlege. Dersom ein ønskjer å skjule desse lenkjene, skal ikkje CSS-eigenskapane `display:none;` / `visibility:hidden;` brukast, då forsvinn dei også i mellom anna datatekniske hjelpemiddel som har behov for nettopp desse lenkjene. Posisjonering utanfor det visuelle grensesnittet via CSS er å føretrekkja dersom lenkjene skal skjulast.

Referanse: WAI WCAG 2.0 – 2.4.1 Døme: Høgskolen i Bergen

Alternativ

Forklaring	Poeng
Ja – Nettstaden har relevant «hopp til»-lenkje.	3
Nei – Nettstaden manglar relevant «hopp til»-lenkje.	0

1.9 – Nettstaden skil mellom form og innhald

CSS, stilark, blir brukt for å skilje form og innhald og gjer designet langt meir fleksibelt og funksjonelt mellom anna med tanke på vising tilpassa ulike medium. Ved å bruke CSS gjev ein også brukaren betre høve til å overstyra utsjånaden til sida, mellom anna fargar, kontrast og typografi. Layouttabellar skal ein unngå både av semantiske grunner og ikkje minst fordi ein misser mykje av fleksibiliteten og funksjonaliteten som er nødvendig for mange brukargrupper. Med bakgrunn i at fleire brukarar viser nettsider utan CSS-instruksjonar, skal strukturen kunne lesast også når sidene blir viste utan CSS. Referanse: WAI WCAG 1.0 – 5.3, samt heftet «Tilgjengelige nettsteder» side 25 kapittel 2.3 og 3.2. Døme: Kongsvinger kommune

Alternativ

Forklaring	Poeng (max 5)
Nei – CSS blir ikkje brukt til formatering, og tabellar blir brukte til layout.	0
Delvis – CSS blir brukt til formatering, men tabellar blir brukte til layout.	1
Ja – CSS blir brukt til både formatering og layout.	3
Leseleg struktur – Strukturen er leseleg utan CSS.	2

1.10 – Hovudspråk er oppgjeve

Formålet med denne indikatoren er å gje informasjon om hovudspråket på nettstaden, noko som avgjer at tekstleg innhald blir rett presentert i nettlesarar og datatekniske hjelpemiddel, mellom anna hos tekst-til-tale-løysingar som bruker denne informasjonen til å identifisere kva språk som skal brukast. Dersom nettsida har innhald på fleire språk, er hovudspråket det språket som er mest utbreidd. Hovudspråket på nettstaden skal oppgjevast i `<html>` (`<html lang="xx">`). Aktuelle språkkodar finn du her: http://www.loc.gov/standards/iso639-2/php/English_list.php Referanse: WAI WCAG 2.0 – 3.1.1 og Specifying Language in XHTML & HTML Content Døme: Regjeringa

Alternativ

Forklaring	Poeng
Ja – Språkdeklarering er oppgjeve i <code><html></code>	2
Nei – Språkdeklarering er ikkje oppgjeve.	0

1.11 – HTML er korrekt koda på nettstaden

W3C sine standardar er grunnlaget for utvikling av tilgjengelege nettstader og gjer det mogleg å presentere nettstadene på ulike medium. Det er også avgjerande at standardar blir følgde for brukarar som er avhengige av tilrettelagte løysingar og datatekniske hjelpemiddel. Det blir tolerert fem feil i validatoren, uavhengig om det er same type feil som går att fleire gonger. Referanse: WAI WCAG 2.0 – 4.1.1 Døme: Trondheim kommune

Alternativ

Forklaring	Poeng
Godkjent – Valideringen viser fem eller færre feil.	2
Ikkje godkjent – Valideringen viser seks eller fleire feil.	0

2. Brukartilpassing

Offentlege nettstader skal presentere informasjon og tenester på ein måte som gjer det enkelt å orientere seg, samt gjere det lett å finne og forstå informasjonen på nettstaden.

2.1 – Nettstaden er lett å laste

Breiband har framleis ikkje full dekning i Noreg og det er difor viktig å fokusere på storleik slik at ikkje nettstaden tek lang tid å laste. I tillegg er surfing via mobile einingar i kraftig auke der tunge nettstader gjer det både tidkrevjande og kostbart å surfe. Ein bør difor vere observant på filstørrelsar på mellom anna bilete, HTML og CSS, slik at nettstaden ikkje blir større enn den må. Testmetoden til kriteriet reknar med alt som blir lasta frå nettstaden.

Alternativ

Forklaring	Poeng
<250kB – Storleiken på startside er under 250kB	3
250-300kB – Storleiken på startside er mellom 250 og 300kB	2
300-350kB – Storleiken på startside er mellom 300 og 350kB	1
>350kB – Storleiken på startside er over 350kB	0

2.2 – Innhaldet er merkt med dato

Stadig meir informasjon blir lagt ut på nett og det er avgjerande at vi kan stole på at denne informasjonen er rett. Difor er det viktig at alle informasjonselement er påført dato for siste oppdatering. Reine transportsider fell ikkje inn under dette kravet. Døme: Asker kommune

Alternativ

Forklaring	Poeng
Alt – Har konsekvent datert alle innhaldsartiklane	3
Delvis (>½) – Har datering på over halvparten av innhaldsartiklane	1
Lite – Har lite eller inga datering på innhaldsartiklane	0

2.3 – Nettstaden har søkjefelt

Søkefunksjonen på ein nettstad er ei viktig navigasjonsstøtte for de fleste brukarane. Det har mykje å seie at søkefunksjonen er lett tilgjengeleg, og søkjefeltet bør vere stort nok til at brukarane kan skrive inn lengre ord eller korte frasar og framleis sjå det som er skrive inn (minimum 20 teikn).

Referanse: WAI WCAG 2.0 - 3.2.4 Døme: Alta kommune

Alternativ

Forklaring	Poeng
Ja – Nettstaden har søkjefelt.	1
På alle sider – Nettstaden har søkjefelt på alle sidene.	1
Storleik – Minimum 20 teikn er synleg i søkjefeltet.	1

2.4 – Søkjeresultat blir presentert på en god måte

Ein god søkefunksjon er kjenneteikna ved at det er enkelt å finne fram i søkjeresultata, og korleis søkeresultatet blir presentert er såleis viktig. Til dette kriteriet er det sett fire krav: Beskrivande tittel, brukarstyrt sortering, tematisk gruppering/anna klassifisering, og ikkje minst relevante treff. Døme: Samferdselsdepartementet

Alternativ

Forklaring	Poeng
Beskrivande tittel – Kwart enkelt treff skal ha en beskrivande tittel.	1
Sortering – Det er mogleg å sortere treffa alfabetisk, på relevans og på dato.	1
Har tematisk gruppering / annan systematisk klassifisering – Resultatlista kan grupperast etter ein tema-/emneordliste eller vha ei klassifisering av treffa.	1
Søkeresultata er relevante – Valt søkeord gjev relevante treff.	1

2.5 – Innhaldet er presentert på andre språk enn norsk

Hovudmålgruppa for denne indikatoren er framandspråklege i Noreg som er ute etter viktig informasjon om offentleg tenestetilbod. Omsetjingar av brukarretta kjerneinformasjon gjev difor meir utteljing enn meir generell informasjon eller turistinformasjon. Verksemdene er sjølv dei næraste til å vurdere si eiga kjerneverksemd, og teikn på god vurdering av dette gjev ekstra utteljing. På bakgrunn av hovudmålgruppa bør inngangen til denne informasjonen ligge lett tilgjengeleg på framsida av nettstaden. Ver merksam på at indikatoren måler språk og ikkje målform, og heller ikkje legg retningslinjer for kva språk som er relevante då dette vil variere og er opp til verksemda å avgjere. Automatiserte omsetjingar (til dømes Google Translate) gjev ikkje poeng her, mellom anna fordi det ikkje finst noka kvalitetssikring av resultatet. Døme: Samferdselsdepartementet

Alternativ

Forklaring	Poeng
Kontaktinfo – Nettstaden har enkel kontaktinformasjon på andre språk.	1
Utvida – Nettstaden har informasjon om organisasjonen sin brukarretta kjerneverksemd på andre språk.	1

2.6 – Hovudmenyen er konsistent på heile nettstaden

Ein konsistent meny er det viktigaste navigasjonsverktøyet på ein nettstad, og denne skal vere inngangen til hovudinformasjonen på nettstaden. Brukaren skal alltid ha høve til å navigere utan å måtte bruke «Tilbake»-knappen i nettlesaren, og er difor avhengig av at menyen skal vere konsistent ned til nivå tre på nettstaden. Konsistent vil seie at menyen skal vere gjennomgåande lik. Referanse: WAI WCAG 2.0 - 3.2.3 Døme: Finansdepartementet

Alternativ

Forklaring	Poeng
Ja – Nettstaden har ein konsistent global meny på de tre øvste nivåa.	2
Nei – Nettstaden manglar konsistent global meny på de tre øvste nivåa.	0

2.7 – Nettstaden har markert kvar ein er i nettstadsstrukturen

Ein nettstad kan ha mange undernivå og ei kompleks oppbygging. Det er difor viktig at brukaren veit kvar i nettstadsstrukturen han er. Brødsmulesti OG/ELLER markering i meny er begge viktige former for navigasjonsstøtte og dei er likestilte i denne testen. Brødsmulestien skal vere klikkbar, markering i menyen skal vere tydeleg, og begge skal minimum vere gjort gjeldande ned til nivå tre på nettstaden. NB: Dette kriteriet gjev maksimalt to poeng, sjølv om ein både har brødsmulesti og markering i menyen (løysingane er sidestilte). Referanse: WAI WCAG 2.0 – 2.4.8 Døme: Finansdepartementet

Alternativ

Forklaring	Poeng (max 2)
Menymarkering – Nettstaden har tydeleg markering i menyen.	2
Brødsmulesti – Nettstaden har klikkbar brødsmulesti.	2
Ingen – Nettstaden manglar både brødsmulesti og tydeleg markering i menyen.	0

2.8 – Nettstaden har lagt til rette for utskrift av innhaldet

Det må vere enkelt å skrive ut innhaldet på nettsidene, og resultatet må vere tilfredsstillande. Det er til dømes ikkje tilfredsstillande dersom unødvendig mykje papir og blekk blir brukt på menyar, grafikk og bakgrunn, eller at sidene blir kutta i margane slik at innhald forsvinn på utskrifta. Det beste er om nettstaden har ein eigen utskriftsvennleg versjon av innhaldet, eller at det finst eigne stilark, CSS, som automatisk blir brukte når ein skriv ut.

Døme: Skien kommune

Alternativ

Forklaring	Poeng
Tilrettelagt – Har lenkje til tilrettelagt utskriftsversjon eller tilpassa CSS-styrt utskift.	3
Nettlesarbasert – Utskrift av sider fungerer tilfredsstillande via nettlesar.	1
Nei – Utskrift av sider fungerer ikkje tilfredsstillande.	0

2.9 – Nettstaden har ein oversikt over innhaldet

Ein sideoversikt, til dømes i form av nettstadskart, gjev viktig navigasjonsstøtte for de besøkande. I tillegg gjer ein slik oversikt det lettare å sjå kva nettstaden inneheld og korleis innhaldsstrukturen er organisert. Oversikten bør gje tilgang til innhaldet i samsvar med menystruktur, indeks bør vere ei alfabetisk sortert stikkordsliste. Oversikten skal i minste fall dekkje innhald ned til nivå tre og vere tilgjengeleg og lett å finne frå framsida. Det er viktig at ein slik innhaldsoversikt er oppdatert og ikkje inneheld feil. Referanse: WAI WCAG 2.0 - 2.4.8 Døme: Alta kommune

Forklaring	Poeng
Ja – Nettstaden har ein oversikt over innhaldet.	3
Nei – Nettstaden har ikkje ein oversikt over innhaldet, eventuelt er denne vanskeleg å finne.	0

2.10 – Nettstaden har lagt inn relevante metadata

Bruk av metadata gjer det mellom anna enklare for søkjemotorar å gje gode treff på søk og har relevans for utviklinga av semantisk web. Difor er det viktig at «description» og «keywords» blir brukt aktivt og beskriv kvar enkelt underside på ein god måte. Referanse: WAI WCAG 1.0 - 13.2 Døme: Samferdselsdepartementet

Alternativ

Forklaring	Poeng
Beskrivande metadata – Nettstaden har beskrivande metadata.	1
Unike metadata på kvar side – Nettstaden har unike beskrivande metadata på kvar enkelt side.	1

2.11 – Nettstaden har beskrivande sidetitlar og adresser

Ein beskrivande sidetittel og adresse gjer det lettare for brukaren å avgjere kvar på nettstaden han er og kva han kan forvente å finne av innhald på sida. Sidetitlane blir også brukte av mellom anna søkemotorar og nettstadskart, i tillegg til at dei legg betre til rette for bokmerking. Med bakgrunn i mellom anna sistnemnde, er det eit krav at ein skal ha med namnet eller domenet til verksemda i tittelen (til dømes «Kontakt» versus «Kontakt Hole kommune »). Adressene skal i tillegg til å vere beskrivande også vere unike for kvar side, slik at det er mogleg å lenkje eller bokmerke direkte til ei side. Språket som blir brukt i adressene skal vere det same som hovudspråket på nettstaden. Referanse: WAI WCAG 2.0 - 2.4.2 Døme: Kongsvinger kommune

Alternativ

Forklaring	Poeng (max 3)
Beskrivande tittel på kvar side – Nettstaden har beskrivande tittel på kvar enkelt side.	2
Beskrivande adresse på kvar side – Nettstaden har beskrivande adresse på kvar enkelt side.	2

2.12 – Teksten på nettsidene er forståeleg og enkel å lese

Språket på nettsidene skal vere klart, lett å forstå og enkelt å lese for brukarane. LIX-berekening blir brukt for å få ein indikasjon på kor lett eller vanskeleg ein tekst er å lese.

Alternativ

Forklaring	Poeng
LIX-tal 55 eller høgare – Teksten er ikkje lettlesn.	0
LIX-tal 54-45 – Teksten er middels vanskeleg	1
LIX-tal 44 eller lågare – Teksten er lettlesn.	2

2.13 – Nedlastbare dokument er publisert som PDF eller ODF

01.01.09 vart ODF og PDF innført som obligatoriske dokumentformat i staten. Dette vil gjere det lettare for dei besøkande å få tak i dokument frå nettstaden, fordi ein slepp problematikken rundt krav om programvare som i verste fall kan føre til økonomiske utlegg for brukaren. Indikatoren lønner publisering av dokument i HTML-format (at informasjonen ligg som innhald rett på nettstaden i staden for nedlastbare dokument), PDF (dokument som skal behalde formatering), ODF (dokument som er meint til vidare redigering) og DOC (som et supplement til ODF i ein overgangsperiode). Informasjon både som HTML og nedlastbart dokument er eit døme på ein kombinasjon som gjev full score, eit anna er korrekt bruk av dei nedlastbare formata PDF og ODF (forklart over). Redigerbare skjema som PDF med interaktive komponentar (at PDF-en kan skrivast i) blir likestilt med ODF. ODF er ei fellesnemning for fleire opne dokumentformat, derav mellom anna ODT (tekstdokument), ODS (rekneark) og ODP (presentasjon).

Alternativ

Forklaring	Poeng (max 4)
Nei – Har ikkje dokument til nedlasting.	0
Andre – Redigerbare dokument til nedlasting er publiserte i andre format, til dømes DOC.	1
PDF – Statiske dokument til nedlasting er i PDF-format.	2
ODF – Redigerbare dokument til nedlasting er i ODF-format.	2
HTML – Dokument er publisert i HTML-format.	3

3. Nyttig innhald

Offentlege nettstader skal ha eit innhald som gjer det enklare for brukaren å orientere seg i offentlig sektor. Dei skal sikre brukaren grunnleggande informasjon om rettigheter, pliktar og moglegheiter og innehalde ulike former for interaktive tenester som utnyttar webteknologien sine moglegheiter. Nettstadane skal også leggje til rette for og oppfordre til dialog mellom verksemd og brukar.

3.1 – Nettstaden legg til rette for forenkla informasjonsflyt

Nettet er ein viktig arena for informasjonsflyt mellom forvaltning og brukar. Indikatoren lønner tilrettelegging for ein- og tovegskommunikasjon og høve for brukarval. Aktuelle tenester er nettprat, automatiserte SMS-tenester og nyheitsstraum i form av til dømes RSS eller nyheitsbrev. Det er eit krav at tenestene er lett synlege på nettstaden, helst på framsida. SMS-tenester skal vere automatiserte, og nettstader som til dømes berre oppgjev mobilnummer til tenestetorg, oppfyller ikkje kravet. RSS-straumen skal kunne bli oppdaga maskinelt, og det er difor eit krav at desse blir rett implementerte. Døme RSS: Vegvesen.no Døme nettprat: Noreg.no Døme SMS: Vegvesen.no

Alternativ

Forklaring	Poeng
Nyheitsstraum – Har høve for abonnement på nyheitsstraum.	1
Nettprat – Har nettprat.	1
SMS – Har automatisert SMS-teneste.	1

3.2 – Nettstaden har strukturert informasjon om kjerneoppgåver

Nettstaden til organisasjonen skal gje fyldig og oppdatert informasjon om relevante tema og tenester som er ein del av kjerneverksemda til organisasjonen. Den viktigaste informasjonen og dei viktigaste tenestene som organisasjonen tilbyr, skal tematiserast, strukturast og aktualiserast på nettstaden slik at brukaren enkelt kan finne fram til den informasjonen han treng. Indikatoren gjev maksimalt fem poeng, sjølv om det er seks krav.

Alternativ

Forklaring	Poeng (max 5)
Definert kjerneoppgåve – Har informativ definisjon av organisasjonen si kjerneverksemd.	1
Eksterne informasjonsressursar – Har eksterne informasjonsressursar tilknytning til tema-/tenesteinformasjon.	1
Interne informasjonsressursar – Har interne informasjonsressursar i tilknytning til tema-/tenesteinformasjon.	1
God informasjonsstruktur – Har god struktur på tema-/tenesteinformasjon.	1
Tilvising til tilsette/roller i organisasjonen – Viser kven i organisasjonen som kan gje meir informasjon.	1
Relevant aktualitetsstoff/alternativt relevant OSS – Har relevant aktualitetsstoff eller OSS i tilknytning til tema/tenesteinformasjon.	1

3.3 – Nettstaden har sentral kontaktinformasjon

Sentral kontaktinformasjon skal vere lett tilgjengeleg uansett kvar på nettstaden ein er. Behovet for å ta kontakt blir ofte utløyst av noko som står på sidene, og då er det viktig at kontaktinformasjonen er på same side. Den viktigaste kontaktinformasjonen, det vil seie telefonnummer og e-postadresse til verksemda, bør difor blir gjenteken på alle sidene. Framsida eller eiga kontaktside skal innehalde telefonnummer, e-postadresse, postadresse og besøksadresse (dersom sistnemnde er forskjellig frå postadressa). Døme: Samferdselsdepartementet

Alternativ

Forklaring	Poeng
Ja – Kontaktinfo er tilgjengeleg direkte på framsida, eller ved ei tydeleg lenkje til kontaktsida.	1
Ja, på alle sider – Enkel kontaktinfo er lett tilgjengeleg på alle sidene.	1

3.4 – Nettstaden har sentral eigeninformasjon

Nettstader er ein viktig ressurs for å finne eigeninformasjon om organisasjonar. Informasjonen skal vere utfyllande og oppdatert, med tanke på omtale av eiga organisering, tilhøyrse og dei viktigaste arbeidsområda. Informasjonen skal vere lett tilgjengeleg på nettstaden. Døme: Hole kommune

Alternativ

Forklaring	Poeng
Organisasjonskart – Nettstaden har eit lett synleg organisasjonskart.	1
Presentasjon av ansvarsområde – Nettstaden omtalar organisasjonen og arbeidsområda.	1
Presentasjon av leiing/tilsette på personnivå – Leiing og tilsette er presentert med namn, kontaktinfo, arbeidsoppgåver og eventuelt kompetanse.	1

3.5 – Nettstaden legg til rette for innsyn i postjournal, saker og møter

I samsvar med offentleglova har ein lovfesta rett til innsyn. Indikatoren gjev poeng til organisasjonar som tek i bruk teknologien for å forenkle denne prosessen, og som aktivt bruker nettet for å opne opp organisasjonen. Innsyn i postjournalen til organisasjonen, saker og møter fremjar demokrati, deltaking og openheit. Alternativet «Ikkje relevant» blir berre brukt dersom nettstaden ikkje representerer ei verksemd, til dømes www.noreg.no, som er ein portal som er eigd av Direktoratet for forvaltning og IKT. Døme: Bærum kommune

Alternativ

Forklaring	Poeng
Postjournal – Postjournalen er publisert på nettstaden.	1
Postjournal tilrettelagt for dokumentbestilling eller fulltekstpublisering – Postjournalen er tilrettelagt for elektronisk bestilling av dokument, alternativt er dokumenta publiserte i fulltekst.	1
Innsyn i saksdokument – Høve til å sjå eller laste ned saksdokument, innkallingar eller referat/protokollar frå møte.	1
Digitalt innsyn – Høve til å sjå eller laste ned lyd- eller videooverføringar frå møte.	1
Ikkje relevant – Nettstaden representerer ikkje ei verksemd.	3

3.6 – Nettstaden legg til rette for elektroniske høyringar

Indikatoren sjekkar i kva grad offentlege nettstader tek i bruk elektroniske høyringar som verktøy for demokratisk dialog og deltaking og gjev poeng til dei som legg til rette for dette. Ei komplett høyringsløysing skal gje tilgang til aktuelle høyringsdokument, ha eigne skjema for innsending av fråsegner og gje tilgang til andre fråsegner i saka. I tillegg til dei meir tradisjonelle (og gjerne lovpålagte) høyringane dei fleste kjenner, gjev indikatoren også poeng til nettstader som arrangerer elektroniske høyringar i mindre saker der innspel frå dei det gjeld vil vere av interesse. Eit døme kan vere plassering av ei kommunal volleyballbane. Døme: Difi – Los

Alternativ

Forklaring	Poeng
Enkel høyring – Nettstaden legg saker ut på høyring.	1
Enkel høyring med innsending – Nettstaden legg saker ut på høyring med skjema for innsending av høyringsfråsegn.	2
Komplett høyringsløysing – Nettstaden legg saker ut på høyring med skjema for innsending av høyringsfråsegner og med tilgang til andre høyringsfråsegner i saka.	3

3.7 – Nettstaden utnyttar webteknologien til å lage nyttige løysingar

Indikatoren sjekkar i kva grad offentlege nettstader tek i bruk moglegheitene i webteknologien og brukar dei til å lage nyttige løysingar for brukarane. Aktuelle løysingar kan vere kart, bestillingstenester eller kalkulatorar. Løysingane skal vere lett synlege og ikkje vere avhengige av innlogging. Døme digital medverknad: Hole kommune, e-initiativ Døme avansert funksjonalitet: Statens Vegvesen, VisVeg

Alternativ

Forklaring	Poeng
Digital medverknad – Nettstaden har funksjonalitet som fremjar demokratisk diskusjon og medverknad.	1
Avansert funksjonalitet utan innlogging – Nettstaden har avanserte tenester eller funksjonalitet, til dømes bestillingstenester, berekningstenester og liknande som ikkje krev innlogging.	1
Nyttig bruk av webteknologien – Nettstaden har fleire ulike typar tenester/funksjonalitet som er nyttig for brukarane.	1

3.8 – Nettstaden har skjema for elektronisk innsending

Elektroniske skjema gjer innsending av skjema lettare og ikkje minst raskare, både for brukaren og verksemda. Indikatoren gjev poeng til nettstader som legg til rette for elektronisk innsending av skjema. Av omsyn til personvern, skal innsending av elektroniske skjema som inneheld persondata, vere krypterte. På denne måten er det ikkje mogleg for uvedkommande å hente ut informasjon under sending til mottakaren. Maks poengsum på denne indikatoren er fem poeng, som blir gjeve når nettstaden har elektroniske skjema med kryptering. Døme: Alta kommune

Alternativ

Forklaring	Poeng
Har elektroniske skjema – Nettstaden har skjema for elektronisk innsending.	3
Kryptering – Skjema for elektronisk innsending er kryptert (avhengig av at det er gjeve poeng på alternativet over, altså at nettstaden har elektroniske skjema).	2
Nei – Nettstaden har ikkje skjema for elektronisk innsending.	0
Ikkje relevant – Type verksemd gjer at nettstaden ikkje har bruk for skjema for elektronisk innsending.	4

3.9 – Nettstaden har informasjon om innloggingsbasert sjølvbetening

Sjølvbeteningsløysingar gjev store moglegheiter for innbyggjaren på nett, og det er difor viktig at nettstaden tilbyr relevant informasjon for brukaren. Indikatoren sjekkar kva informasjon som blir gitt om krava som blir stilte for å kunne autentisere seg (kva blir kravd for å bruke tenesta), kva tenester som finst i sjølvbeteningsløysinga og korleis verksemda behandlar personopplysingar og lønner dei nettstadene som gjev god informasjon rundt dette. Informasjonen skal være lett synleg og tilgjengeleg utan innlogging. Døme: Alta kommune

Alternativ

Forklaring	Poeng
Nei – Nettstaden manglar informasjon om sjølvbeteningsløysinga eller manglar sjølvbetjeningsløysing.	0
Krav til bruk – Informasjon om kva krav ein må oppfylle for å kunne autentisere seg.	1
